

# **Årsmelding for Vestlandsrådet 2018**

## **Innhald:**

- 1 Samarbeid for Vestlandet**
- 2 Vestlandsrådet som politisk organ**
- 3 Vestlandsrådet sine medlemmar i 2018**
- 4 Vestlandsrådets administrative organisasjon**
- 5 Møter og saker i Vestlandsrådet 2018**
- 6 Foredrag og innleiingar på Vestlandsrådets møter**
  - 6.1 Møtet i Bergen 15. februar 2018
  - 6.2 Møtet i Molde 7.-8. juni 2018
  - 6.3 Møtet på Gardermoen 1. november 2018
- 7 Møter i Arbeidsutvalet (AU)**
- 8 Drøftingsmøter med fylkesrådmennene**
- 9 Møter mellom sekretariatsleiar og fylkeskontaktane**
- 10 Sentrale arbeidsområder**
  - 10.1 Samferdsel
  - 10.2 Marin forsøpling
  - 10.3 Cruise og reiseliv
  - 10.4 Kultur
  - 10.5 Hydrogen
  - 10.6 Internasjonalt arbeid
- 11 Innspel og påverknad**
- 12 Møter med Stortinget og departement**
- 13 Rekneskap 2018**
- 14 Avsluttande kommentarar**

## 1 Samarbeid for Vestlandet

Vestlandet – bestående av dei fire fylka Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland – har lenge vore den sterkaste landsdelen når det gjeld verdiskaping i Norge. Landsdelen har eit breitt og aktivt næringsliv, mange viktige offentlege institusjonar og ei allsidig og god offentleg tenesteyting. Men landsdelen har og mange utfordringar.

Dess meir samla ein står, dess sterkare påverknadskraft overfor sentrale styresmakter. Denne oppfatninga låg til grunn da Vestlandsrådet vart oppretta i 2003, og gjennom drøftingar i rådet i løpet av 2018 har ein slått fast at dette gjeld i like stor grad i dag.

På tross av ulik partipolitisk samansetting fungerer samarbeidet i Vestlandsrådet samlande og godt, også sjølv om fylka i enkelte saker kan ha interesse motsetnader. Det viser at det er meir som samlar fylka enn som skiljer dei, t.d. innan sektorar som samferdsel og næringsutvikling, innan fagområder som marin forsøpling og reiseliv, og når det gjeld økonomiske rammevilkår på viktige område.

Regionreformen vil i framtida påverke Vestlandsrådet, ikkje minst ved at Sogn og Fjordane og Hordaland frå 2020 går saman i regionen «Vestland». Dette kan innebære ei framtidig tyngdepunktendring i samarbeidet. Eg er likevel viss på at dette ikkje vil svekke samarbeidet i Vestlandsrådet, men at fylka – i ny form som tre regionar – vil halde fast på samarbeidstanken og samarbeidsformene.

Jon Aasen, Leiar i Vestlandsrådet 2018

## 2 Vestlandsrådet som politisk organ

Vestlandsrådet sin organisasjon består av både folkevalde og administrasjon. Formelle politiske organ er Vestlandsrådet og Arbeidsutvalet.

Vestlandsrådet: består av 5 folkevalde frå kvart fylke, tilsaman 20 medlemmar. Leiinga av rådet går på omgang blant fylkesordførarane. I 2018 har rådet vore leia av Jon Aasen, Møre og Romsdal fylkeskommune.

Arbeidsutvalet: består av dei 4 fylkesordførarane

Vestlandsrådet vart etablert i 2003, og er basert på samarbeidsavtale, vedtekter og felles politisk plattform. Siste revisjon av den politiske plattformen skjedde i 2014. Sjå [www.vestlandsradet.no](http://www.vestlandsradet.no).

Landsdelen har mange felles interesser i nasjonale og internasjonale spørsmål, og gjennom påverknad av rammevilkåra blir det arbeid aktivt for å skape så god utvikling i dei fire fylkeskommunane som mogleg.

## 3 Vestlandsrådet sine medlemmar i 2018

**Rogaland fylkeskommune**

Solveig Ege Tengesdal (Krf) – fylkesordfører

Marianne Chesak (A) – fylkesvaraordfører

Arne Bergsvåg (Sp)

Janne Johnsen (H)

Pål Morten Borgli (Frp)

#### **Hordaland fylkeskommune**

Anne Gine Hestetun (A) – fylkesordfører

Pål Kårbø (Krf) – fylkesvaraordfører

Benthe Bondhus (Sp)

Silja Ekeland Bjørkly (H)

Roald Steinseide (Frp)\*

#### **Sogn og Fjordane fylkeskommune**

Jenny Følling (Sp) – fylkesordfører

Åshild Kjelsnes (A) – fylkesvaraordfører

Noralv Distad (H)

Trude Brosvik (Krf)

Jakob Andre Sandal (Sv)

#### **Møre og Romsdal fylkeskommune**

Jon Aasen (A) – fylkesordfører, leiar av Vestlandsrådet i 2018

Gunn Berit Gjerde (V) – fylkesvaraordfører

Jan Ove Tryggestad (Sp)

Charles Tøsse (H)

Frank Sve (Frp)

\*Terje Søviknes vart representant frå Hordaland frå november. Roald Steinseide vart vararepresentant frå same tidspunkt.

## **4 Vestlandsrådets administrative organisasjon**

Administrasjonen knytta til Vestlandsrådet blir formelt sett leia av fylkesrådmannen i det fylket som har leiarskapet. I 2018 har denne rolla vore ivareteke av Ottar Brage Guttelvik, Møre og Romsdal fylkeskommune.

Sekretariatet førøvrig er bygd opp slik:

- Sekretariatsleiar
- Fylkeskontaktar
- Faggrupper

Innleigd sekretariatsleiar i 2018 har vore Dagfinn Aasen, Aasen Rådgivning, [aasenraad@outlook.com](mailto:aasenraad@outlook.com).

Oversikt over sekretariat, fylkeskontaktar og faggrupper per 31.12.2018

RESSURSPERSONAR	
1.	Sekretariat for Vestlandsrådet/fylkesrådmennene sine kontaktpersonar
	<ul style="list-style-type: none"><li>a) Dagfinn Aasen, sekretariatsleiar, Aasen Rådgivning, (<a href="mailto:aasenraad@outlook.com">aasenraad@outlook.com</a>)</li><li>b) Robert Løvik, Møre og Romsdal fylkeskommune, (<a href="mailto:robert.lovik@mrfylke.no">robert.lovik@mrfylke.no</a>)</li><li>c) Randi Klæbo, Rogaland fylkeskommune, (<a href="mailto:randi.klaebo@rogfk.no">randi.klaebo@rogfk.no</a>)</li><li>d) Beate Bergsholm, Hordaland fylkeskommune, (<a href="mailto:beate.bergsholm@hfk.no">beate.bergsholm@hfk.no</a>)</li><li>e) Kristin Rundsveen, Sogn og Fjordane fylkeskommune (<a href="mailto:kristin.rundsveen@sfj.no">kristin.rundsveen@sfj.no</a>)</li></ul>
2.	Samferdslegruppa – faggruppe for Nasjonal transportplan og ferjefri E39 m.m.
	<ul style="list-style-type: none"><li>a) Olav Arne Vatne, Møre og Romsdal fylkeskommune (<a href="mailto:olav.arne.vatne@mrfylke.no">olav.arne.vatne@mrfylke.no</a>)</li><li>b) Arild Fuglseth, Møre og Romsdal fylkeskommune (<a href="mailto:arild.fuglseth@mrfylke.no">arild.fuglseth@mrfylke.no</a>)</li><li>c) Per Ove Nydal, Møre og Romsdal fylkeskommune (<a href="mailto:per.ove.nydal@mrfylke.no">per.ove.nydal@mrfylke.no</a>)</li><li>d) Gottfried Heinzerling, Rogaland fylkeskommune</li><li>e) Matti Torgersen, Hordaland fylkeskommune (<a href="mailto:matti.torgersen@hfk.no">matti.torgersen@hfk.no</a>)</li><li>f) Ole Ingar Hagen Hæreid, Sogn og Fjordane fylkeskommune, (<a href="mailto:ole.ingar.hagen.hereid@sfj.no">ole.ingar.hagen.hereid@sfj.no</a>)</li></ul>
3.	Næringsgruppa – faggruppe for cruises strategien og ev. scenarioprojekt for turisme m.m.
	<ul style="list-style-type: none"><li>a) Ragna Brenne Bjerkeset, Møre og Romsdal fylkeskommune (<a href="mailto:ragna.brenne.bjerkeset@mrfylke.no">ragna.brenne.bjerkeset@mrfylke.no</a>)</li><li>b) Elisabeth Faret, Rogaland fylkeskommune, (<a href="mailto:elisabeth.faret@rogfk.no">elisabeth.faret@rogfk.no</a>)</li><li>c) Mette Nora Sætre, Hordaland fylkeskommune, (<a href="mailto:mette.nora.saetre@hfk.no">mette.nora.saetre@hfk.no</a>)</li><li>d) Marta Rongved Dixon, Hordaland fylkeskommune, (<a href="mailto:marta.dixon@hfk.no">marta.dixon@hfk.no</a>)</li><li>e) Endre Høgalmen, Sogn og Fjordane fylkeskommune (<a href="mailto:endre.hogalmen@sfj.no">endre.hogalmen@sfj.no</a>)</li></ul>
4.	Kulturgruppa – felles innspel retta mot ny stortingsmelding for kultur 2019 m.m.
	<ul style="list-style-type: none"><li>a) Heidi-Iren Wedlog Olsen, Møre og Romsdal fylkeskommune, (<a href="mailto:heidi-iren.wedlog.olsen@mrfylke.no">heidi-iren.wedlog.olsen@mrfylke.no</a>)</li><li>b) Rune Thele, Rogaland fylkeskommune, (<a href="mailto:rune.thele@rogfk.no">rune.thele@rogfk.no</a>)</li><li>c) Per Morten Ekerhovd, Hordaland fylkeskommune, (<a href="mailto:per.morten.ekerhovd@hfk.no">per.morten.ekerhovd@hfk.no</a>)</li><li>d) Ingebjørg Erikstad, Sogn og Fjordane fylkeskommune (<a href="mailto:ingebjorg.erikstad@sfj.no">ingebjorg.erikstad@sfj.no</a>)</li></ul>
5.	Marin gruppe (Vest Marin) – internasjonal deltaking og næringsretta kompetanseutvikling m.m.
	<ul style="list-style-type: none"><li>a) Lisbeth Nervik, Møre og Romsdal fylkeskommune, (<a href="mailto:lisbeth.nervik@mrfylke.no">lisbeth.nervik@mrfylke.no</a>)</li></ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>b) Eystein Bredland Hansen, Rogaland fylkeskommune (eystein.bredland.hansen@rogfk.no)</li> <li>c) Siri Hanson, Hordaland fylkeskommune, (siri.hanson@hfk.no)</li> <li>d) Lena Merethe Söderholm, Sogn og Fjordane fylkeskommune (lena.soderholm@sfj.no)</li> <li>e) Inge Døskeland, Hordaland fylkeskommune (inge.doskeland@hfk.no)</li> </ul>
--	---

6.	Maritim forsøpling – prosjektgruppe samordningsprosjekt/prosjektsøknad Miljødirektoratet
	<ul style="list-style-type: none"> <li>a) Lisbeth Nervik, Møre og Romsdal fylkeskommune (lisbeth.nervik@mr fylke.no)</li> <li>b) Thorstein Gøtterup, Rogaland fylkeskommune, (thorstein.gotterup@rogfk.no)</li> <li>c) Sveinung Klyve, Hordaland fylkeskommune, (sveinung.klyve@hfk.no)</li> <li>d) Rolf Årdal, <u>styreleiar</u>, Sogn og Fjordane fylkeskommune (rolf.ardal@sfj.no)</li> </ul>
7.	Hydrogengruppa – prosjektgruppe for hydrogenstrategiprosessen
	<ul style="list-style-type: none"> <li>a) Lina Vassdal, Møre og Romsdal fylkeskommune, (lina.vassdal@mr fylke.no)</li> <li>b) Iver Jan Leren, Rogaland fylkeskommune, (iver.jan.leren@rogfk.no)</li> <li>c) Tale Halsør, Hordaland fylkeskommune, (tale.halsor@hfk.no)</li> <li>d) Auden Erik Sunde, Sogn og Fjordane fylkeskommune (auden.erik.sunde@sfj.no)</li> </ul>
8.	Internasjonalt arbeid / internasjonalisering – faggruppe for NSC-sekretariatssøknad m.m.
	<ul style="list-style-type: none"> <li>a) Birgit Aarønæs, Møre og Romsdal fylkeskommune, (birgit.aaronas@mr fylke.no)</li> <li>b) Geir Sør-Reime, Rogaland fylkeskommune, (geir.sor-reime@rogfk.no)</li> <li>c) Kate Clarke, Hordaland fylkeskommune, (kate.clarke@hfk.no)</li> <li>d) Kristin Rundsvveen, Sogn og Fjordane fylkeskommune (kristin.rundsvveen@sfj.no)</li> </ul>
9.	Næringsklynger og nøkkeltal for marine, maritime og energinæringane
	<ul style="list-style-type: none"> <li>a) Dagfinn Aasen, Møre og Romsdal fylkeskommune, sekretariatsleiar, (aasenraad@outlook.com)</li> <li>b) Lasse Kolbjørn Anke Hansen, Hordaland fylkeskommune, (lasse.kolbjorn.anke.hansen@hfk.no)</li> <li>c) Mette Nora Sætre, Hordaland fylkeskommune, (mette.nora.saetre@hfk.no)</li> <li>d) Endre Høgalmen, Sogn og Fjordane fylkeskommune (endre.hogalmen@sfj.no)</li> </ul>
10.	Politisk sekretariat – ressurspersonar i samband med Vestlandsrådet sine møte m.m.
	<ul style="list-style-type: none"> <li>a) Robert Løvik, Møre og Romsdal fylkeskommune, (robert.lovik@mr fylke.no)</li> <li>b) Randi Klæbo, Rogaland fylkeskommune, (randi.klaebo@rogfk.no)</li> </ul>

- |   |
|---|
| c) Beate Bergsholm, Hordaland fylkeskommune, (beate.bergsholm@hfk.no)             |
| d) Kristin Rundsvveen, Sogn og Fjordane fylkeskommune (kristin.rundsvveen@sfj.no) |

Ole Inge Gjerald, Sogn og Fjordane, slutta i si stilling i Sogn og Fjordane 10. desember 2018. Han var fylkeskontakt for Sogn og Fjordane og har vore sentral i fleire av gruppene i løpet av året.

## 5 Møter og saker i Vestlandsrådet 2018

Vestlandsrådet har hatt tre møter i 2018, og har handsama 39 saker (realitetshandsaming og orienteringssaker).

### Bergen 15. februar 2018

- 01 Rekneskap for Vestlandsrådet 2017
- 02 Årsmelding for Vestlandsrådet 2017
- 03 Budsjett for Vestlandsrådet 2018
- 04 Vest Marin – Årsrapport 2017 og handlingsprogram 2018
- 05 Søknad om tilskot til Scenarioprojekt 2030 for reiselivsnæringa på Vestlandet
- 06 Tiltak mot marin forsøpling
- 07 Rapportering handlingsplan for Vestlandsrådet sitt arbeid i Nordsjøkommisjonen 2017
- 08 Nordsjøkommisjonen – etablering av permanent sekretariat på Vestlandet
- 09 Handlingsplan for Vestlandsrådet sitt arbeid i Nordsjøkommisjonen 2018
- 10 Hydrogenstrategi 2018
- 11 Rammevilkår for drift og fornying av fylkesvegferjeflåten
- 12 Eventuelt
  - Regionreformen – fullmakt til Arbeidsutvalet

### Molde 7. – 8. juni 2018

- 13 Vestlandsrådet og framtida
- 14 Tilpassing til det europeiske kvalifikasjonsrammeverket for livslang læring
- 15 Utviding av nøkkeltalsprosjektet – reiselivsnæringa
- 16 Status for interreg-programma
- 17 Handlingsplan cruisestrategi for vestlandsfylka 2018-2020
- 18 Møte med Transport- og kommunikasjonskomiteen
- 19 Høyring i Kommunal- og forvaltningskomiteen
- 20 Utdanningstilbodet på Vestlandet (sjømatnæringa)
- 21 Scenarioprojekt 2030
- 22 Innspel til Nordatlantisk utviklingsstrategi (NAUST)
- 23 Rapport frå faste utval – internasjonalt arbeid
- 24 Rapport frå Nordsjøkommisjonens arbeidsgruppe for Brexit
- 25 Endring av vassforskrifta – Klima- og miljødepartementet

- 26 Hurtigbåtsamband Bergen – Ålesund
- 27 Prosjekt: Tiltak mot marin forsøpling
- 28 Eventuelt
  - Ny stortingsmelding på kulturfeltet – status
  - Garantiansvar – Rogaland fylkeskommune
  - Sogn og Fjordane – distriktssatsinga i NRK
  - Rapport om Brexit

### **Gardermoen 1. november 2018**

- 29 Regionreformen/oppgåvemeldinga
- 30 Vestlandsrådet og framtida
- 31 Handlingsplan cruisestrategi 2018-2020
- 32 Travel like the locals
- 33 Tiltak mot marin forsøpling
- 34 Brexit og moglege konsekvensar for Vestlandet
- 35 NORA (Nordatlantisk samarbeid)
- 36 Rapport frå faste utval – internasjonalt arbeid
- 37 Statsbudsjettet for 2018
- 38 Møteplanar for Vestlandsrådet og Arbeidsutvalet
- 39 Eventuelt (ingen saker)

## **6 Foredrag og innleiingar på Vestlandsrådets møter**

I løpet av året er det halde følgande foredrag og innlegg for Vestlandsrådet (alle foredrag er lagt ut på Vestlandsrådet si heimeside):

### 6.1 Møtet i Bergen 15. februar:

- **Om rammevilkår for fylkesvegferjedrifta, m.v.** (Rapport nr. 1802 frå Møreforskning),
  - Hilde Johanne Svendsen, Møreforskning
- **Om marine grunnkart langs kysten**
  - Minika Ekanem, prosjektleiar for Marin infrastruktur i Kartverket

### 6.2 Møtet i Molde 8. juni:

- **Om nøkkeltal for utvalde næringar, m.v.**
  - Lasse Kolbjørn Anke Hansen, Hordaland fylkeskommune
  - Vegard Salte Flatval, Samfunnsøkonomisk Analyse
  - Bodil Palma Hollingsæter, direktør IN, om situasjonen i Møre og Romsdal og Vestlandet
  - Paul-Gustav Remøy, Fiskebåt Vest, om fiskerinæringa
  - Nina Rasmussen, Fiskebåt Sør, om fiskerinæringa
- **Om hydrogenstrategi**
  - Elisabeth Kjærstad Bøe, Sogn og Fjordane fylkeskommune
  - Lina Vassdal, Møre og Romsdal fylkeskommune

### 6.3 Møtet på Gardermoen 1. november:

- **Om regionreformen**
  - Ole Helge Haugen, fylkesplansjef i Møre og Romsdal fylkeskommune
- **Om cruise, cruisetrafikk og reiseliv**
  - Hans Jakob Walnum, Vestlandsforskning, prosjektleiar Sustainable cruises
  - Petter Dybedal, TØI, forfattar av TØI-rapport 1651/2018 om cruisetrafikk til norske havner
  - Erling Oppheim, dagleg leiar Nærøyfjorden Verdsarvpark

## 7 **Møter i Arbeidsutvalet (AU)**

Arbeidsutvalet består av dei fire fylkesordførarane, og gjennomfører sine møter som telefonmøter, event. skype. AU har i utgangspunktet ingen spesielle fullmakter, og utfører difor ikkje saksbehandling på vegne av Vestlandsrådet utan at det er gjeve spesiell fullmakt til det. Oppstår det saker eller situasjonar som krev rask reaksjon, er det imidlertid praksis for at AU kan uttale seg på vegne av Vestlandsrådet.

Arbeidsutvalet har i 2018 hatt følgende møter: 25. januar, 20. april, 22. august og 27. september.

Avtalt møte 29. november var tiltenkt planlegging av møte med klima- og miljøministeren, men i og med at dette møtet ikkje blir gjennomført før 22. januar 2019, er dette AU-møtet utsett, og blir gjennomført 21. januar 2019.

## 8 **Drøftingsmøter med fylkesrådmennene**

Før kvart møte i Vestlandsrådet er det innarbeidd praksis at det blir gjennomført telefonmøter med fylkesrådmennene, for å få inn synspunkt og kommentarar på saksutgreiingane.

## 9 **Møter mellom sekretariatsleiar og fylkeskontaktane**

Det er viktig at det er god kontakt og godt samarbeid mellom sekretariatsleiar og fylkeskontaktane. Det vart i 2018 bestemt at minst ein gong i året bør ein ha eit fysisk møte, i tillegg til telefonmøter og andre former for kontakt. Møte vart halde på Gardermoen 23. august 2018.



## 10 Sentrale arbeidsområder

### 10.1 Samferdsel

Samferdsel – i vid forstand – har vore eit av dei fagområda som Vestlandsrådet har vore mest oppteken av sidan rådet vart oppretta. Det gjeld t.d. aktivt arbeid i samband med nasjonale transportplanar, ferjefri og opprusta E39, rammevilkåra for drift og fornying av fylkesvegferjeflåten, trafikksikring av vegar, m.v.

Møreforskning vart i 2017 engasjert for å arbeide fram kunnskaps- og faktabakgrunn nettopp knytt til temaet rammevilkåra for fylkesvegferjeflåten. Rapporten var ferdig i 2018 og vart presentert og lagt fram som sak 11/2018 på møtet i Bergen 15. februar 2018.

Dette var også hovedtema for møtet Vestlandsrådet hadde med Transport- og kommunikasjonskomiteen på Stortinget i mai.

Av andre samferdselssaker kan og nemnast Stad skipstunnell og mogelegheitene som skipstunnellen kan innebere for hurtigbåtsamband Bergen-Ålesund, samt overføring av SAMS vegadministrasjon (samarbeid mellom fylkeskommunane, men dette har ikkje vore gjennom paraplyen Vestlandsrådet).

### 10.2 Marin forsøpling

Innan det marine feltet er det to grupper. Den eine er marin gruppe (Vest Marin). Det er næringssjefane i fylkeskommunane som er styringsgruppe til den marine gruppa, dvs. at gruppa ikkje er ei formell arbeidsgruppe under Vestlandsrådet (VR-vedtak på dette frå 2010/2011). Dette fordi Vest Marin også samarbeider om andre saker enn VR-saker. Vest Marin utarbeider og legg fram eiga årsmelding for Vestlandsrådet.

Den andre gruppa er ei prosjektgruppe, innan Vestlandsrådet, som arbeider med marin forsøpling. Vestlandsrådet vedtok i sak 6/2018 at det serleg skal arbeidast med følgjande tiltak: strandsonerydding, rydding av sjø- og havbotn, samt førebyggjande arbeid.

Status for arbeidet til prosjektgruppa vart gjort greie for i sak 33/2018 (Vestlandsrådets møte 1. november 2018), og det vil og bli gitt ei orientering til Vestlandsrådet i møte 15. februar 2019.

Vestlandsrådet har i 2018 løyvd 400 000 kr. til å engasjera prosjektleiar i 50% stilling til dette arbeidet. Gudrun Kristin Fatland, er engasjert som prosjektleiar frå 1. november 2018. (Gudrun.kristin.fatland@hkf.no).

### 10.3 Cruisetraffikk og Reiseliv

#### Cruisestrategi

Status i denne saka var lagt fram for Vestlandsrådet som orienteringssak 1. november 2018, sak 3. I same møtet vart det heldt innleiingar ved Transportøkonomisk Institutt (TØI) om cruisetraffikk til norske hamner, frå Vestlandsforskning om sustainabe cruises, og frå Nærøfjorden Verdsarvpark.

Etter anbudsprosess er «2469 Reiselivsutvikling AS» vald som hovedleverandør i det vidare prosessarbeidet. Oppstartmøte for prosessen blei gjennomført 14. januar 2019.

## Scenarioprojektet

Vestlandsrådet behandla scenarioprojektet som sak 5/2018 og 21/2018.

Første møte i styringsgruppa for projektet vart heldt 20. november i Bergen. Etter anbodskonkurranse er «Menon Economics» vald som samarbeidspartnar, med «2469 Reiselivsutvikling AS» som underleverandør.

Det er gjennomført fire workshops med næringa – ein i kvart fylke, og neste møte i Styringsgruppa er 30. januar 2019. Ein vil der bearbeide alle innspel frå arbeidsseminara. Elles så er framdriften som planlagt og Menon er i full gang med nullpunktsanalysen som er ein del av leveransen. Prosessen vil halde fram utover året, og ein tek sikte på å avslutte denne ca. november 2019.

### **10.4 Kultur**

På kultursektoren har det vore arbeid med oppgåver og utfordringar knytta til den nye kulturmeldinga, til statsbudsjettet og til regionreformen, med endring i oppgåver og ansvar. I dette ligg det at arbeidet har skjedd i regi av fylkeskommunane sjølv, enkeltvis og i samarbeid, kontaktpartane har vore KS og departement, og i liten grad Vestlandsrådet.

I november 2018 vart den nye kulturmeldinga – Meld. St. 8 (2018-2019) Kulturens Kraft. Kulturpolitikk for framtida – lagt fram. Meldinga set søkelys på kunst og kultur si samfunnsbyggjande rolle, både i høve til verdiar som toleranse, fridom og demokrati, og for område som innovasjon, digitalisering og skaparkraft for å styrke samfunnet si omstillingsevne.

Arbeidsgruppa for kultur vil følgje opp denne og andre relevante stortingsmeldingar som er varsla (bl.a. om museum, barn og ungdomskultur, kulturminner, frivilligheit), og sjå det i samanheng med oppgåvemeldinga.

Til første møte i 2019 vil Vestlandsrådet få ei nærare orientering frå kulturgruppa om korleis Vestlandsrådet kan bli informert og involvert i saker på kulturområdet.

### **10.5 Hydrogen**

Vestlandsrådet vedtok i sak 10/2018, pkt.1 (15. februar 2018) at fylkeskommunane på Vestlandet skulle sette i gong ein felles strategiprosess for hydrogen, slik det var gjort greie for i ein eigen prosjektplan. Vedtaket vart seinare fulgt opp gjennom foredrag om «Hydrogenstrategi 2020» på Vestlandsrådets møte i Molde 8. juni 2018.

Etter juni-møtet har arbeidsgruppa ført prosessane vidare. Fylkeskommunane har arbeid både kvar for seg og saman når det gjeld dette strategiarbeidet. Som eksempel kan nemnast projektet «Hydrogen Region Sogn og Fjordane», som vart avslutta i november. Sluttrapportane kan ein finne på følgjande nettside:  
<http://www.sfj.no/rapportar.475734.nn.html> På denne sida vert det også lagt ut rapportar frå dei ulike næringsprojekta, etter kvart som dei er klar.

Det blir lagt fram eiga sak om «Hydrogensatsing 2020» på Vestlandsrådets møte 15. februar 2019.

## 10.6 Internasjonalt arbeid

I den gjeldande plattformen for Vestlandsrådet står følgjande om internasjonalt arbeid:

### «5. INTERNASJONALT ARBEID (INTERNASJONALISERING)

Vestlandsrådet styrkar den politiske deltakinga og koordineringa i organisasjonane The Conference of Peripheral Maritime Regions (CPMR) og North Sea Commission (NSC). Vestlandsrådet skal vere aktiv i den politiske diskusjonen i saker relatert til Nordsjøregionen, og sikre gode kommunikasjonskanalar inn mot relevante norske departement.

Vestlandsrådet skal ivareta Vestlandet sine interesser i arbeidet med forvaltingsplanar for Nordsjøen og Norskehavet og opprettheld engasjementet i samarbeidsorganisasjonen NORA. Vestlandsrådet skal også koordinere ei aktiv deltaking frå Vestland fylke i iverksettinga av strategien «North Sea Region 2020».

Vestlandsrådet held også fram sitt engasjement i Europapolitisk forum.»

Internasjonal gruppe arbeider først og fremst med internasjonalt arbeid i ein europeisk kontekst. Dette er naturleg ut frå dei felles utfordringane vi har med regionane rundt Nordsjøen og med andre europeiske land, og at fylkeskommunane og aktørane i våre fylke kan bidra til å finne løysingar på desse utfordringane gjennom EU-/EØS-program og finansieringsordningar. Det samordning inn mot internasjonale organisasjonar (Nordsjøkommisjonen og CPMR), felles representasjon i viktige forum for internasjonalt samarbeid (Nordisk Atlantsamarbeid – NORA, Europapolitisk forum – EPF, og interregprogramma for Nordsjøen.

Saker frå internasjonal gruppe går fram av oversikten ovanfor. I fleire av desse sakene har Vestlandsrådet følgd opp med brev til aktuelle fagdepartementet. Sakene om Brexit og Interreg Nordsjøprogrammet vil også bli følgd opp vidare neste år.

## 11 Innspel og påverknad

### 11.1 Stad skipstunnel

Stad skipstunnel ligg inne i Nasjonal transportplan (2018-29) med byggjeart i første seksårsperiode (2018-23). Det er sett av 1,5 milliarder kroner til prosjektet i første planperiode, og 1,2 milliardar kroner i andre planperiode for NTP. Ifølge Kystverkets handlingsplan er det planlagt byggjeart i 2021. Det er viktig at dette prosjektet blir gjennomført som planlagt. Fråsegn til Stortinget er utarbeidd av Sogn og Fjordane på vegne av Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Hordaland fylke (Juni 2018).

### 11.2 Hurtigbåtsamband Bergen Ålesund

Bygging av Stad skipstunnel vil gjere det mogleg å etablere eit hurtigbåtsamband mellom Nordfjord og Sunnmøre. Denne vil kunne «lime saman» Vestlandskysten, og gje ein utvida bu- og arbeidsmarknadsregion mellom Ålesund og Nordfjord. Eit samband kan også ha stort potensiale for reiselivet. Ut i frå denne bakgrunnen har dei tre fylkeskommunane Hordaland,

Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal løyvd midlar til utgreiing\_av eit mogleg hurtigbåtsamband mellom Bergen og Ålesund.

Sogn og Fjordane fylkeskommune tok på seg arbeidet med å finne ein leverandør av ei slik utgreiing. Dette er no gjort og COWI AS vart leverandør. Dei skal levere ei utgreiing innan 11. februar 2019.

### 11.3 Fjordkysten Friluftsråd

Klage til Miljødirektoratet på avslag vedr. «Rydding i Fjordkysten». Fjordkysten Friluftsråd vart ikkje tildelt midlar til føremålet, og klage vart supplert med uttale underteikna av leiar Jon Aasen på vegne av Vestlandsrådet.

### 11.4 Brexit

Etter Vestlandsrådets møte 1. november, der sak 34/2018 gjaldt Brexit og mogelege konsekvensar for Vestlandet, blei det den 2. november sendt brev om dette til Nærings- og fiskeridepartementet. I sitt svar takkar statsråd Torbjørn Røe Isaksen m.a. for «Vestlandsrådets sterke engasjement for næringslivet til regionen. Vi vil ta med oss dette innspelet i vårt vidare arbeid med å førebu Noregs framtidig tilknytning til Storbritannia etter utmeldinga til landet av EU».

### 11.5 Fiskerimessa Nor-Fishing i Trondheim (august)

Fleire folkevalde frå vestlandsfylka deltok på Nor-Fishing, og representerte i tillegg til sine fylkeskommunar også Vestlandsrådet.

## **12 Møter med Storting og Departement**

### 12.1 Transportkomiteen, møte 22.mai 2018

I sitt møte 15. februar behandla Vestlandsrådet som sak 11/2018 rammevilkåra for drift og fornying av fylkesvegferjeflåten. Som oppfølging av saka vedtok Vestlandsrådet å be om eit møte med Transport- og kommunikasjonskomiteen på Stortinget, for å formidle og drøfte sine synspunkt. Dette møtet vart halde 22. mai 2018, der følgande frå komiteen deltok:

Helge Orten (komitéleder, H)  
Siv Mossleth (Sp)  
Ivar Odnes (Sp)  
Arne Nævra (SV)  
Ingalill Olsen (Ap)  
Sverre Myrli (Ap)  
Solveig Abrahamsen (H)  
Nils Aage Jegstad (H)

### 12.2 Kommunal- og forvaltningskomiteen

Vestlandsrådet deltok på høyring i komiteen den 24. mai 2018 vedr. statsbudsjettet for 2019, ut frå følgande vedtak i sak 11/2018 pkt. 3:

Rammevilkår for drift og fornying av fylkesvegferjeflåten:

«Vestlandsrådet melder seg på komitehøyringa for kommuneproposisjonen 2019 for å ta opp situasjonen på ferjesektoren i fellesskap, under dette utforminga av ferjenøkkelen og for å sikre, og eventuelt auke opp, midlane som vart gjevne med særskild fordeling til ferjefylka».

### 12.3 Klima- og miljødepartementet

Vestlandsrådet behandla i sak 06/2018 (15. februar 2018) «Tiltak mot marin forsøpling». I vedtakets pkt 1 heiter det m.a.:

«I løpet av 2018 tek Vestlandsrådet initiativ til møte med Klima- og miljødepartement/Miljødirektorat m.o.t. *drøftingar av utfordringar, ressursbehov og roller på regionalt, nasjonalt og internasjonalt nivå*».

Det vart seinare beslutta å vente med dette møtet inntil oppgåvemeldinga vart lagt fram. Vestlandsrådet behandla sak om regionreformen i sitt møte 1. november. Etter dette har det vore arbeid med å få istand møtet med departementet, og dette vil bli avheldt 22. januar 2019.

## 13 Rekneskap 2018

### Inntekter

	Rekneskap 2018	Budsjett 2018
Overført frå Sogn og Fjordane	2 305 816 ,90	2 305 000,00
Kontingent Rogaland	500 000,00	500 000,00
Kontingent Sogn og Fjordane	500 000,00	500 000,00
Kontingent Møre og Romsdal	500 000,00	500 000,00
Kontingent Hordaland	500 000,00	500 000,00
<b>Sum inntekter</b>	<b>4 305 816 ,90</b>	<b>4 305 000,00</b>

### Utgifter

	Rekneskap 2018	Budsjett 2018
Sekretariat for Vestlandsrådet i 2018 (4900)	1 000 000,00	1 000 000,00
Møteutgifter Vestlandsrådet (4901)	103 656,22	150 000,00
Heimeside. Drift, vedlikehald, opplæring m.v.(4902)	43 309,88	50 000,00

NORA, fast årleg medlemsavgift (4903)	127 958,77	135 000,00
Møreforskning – fylkesvegferjeflåten(4904)	138 523,70	175 000,00
Tiltak mot marin forsøpling (4905)	400 000,00	400 000,00
Nøkkeltal marin sektor (4906)	416 000,00	200 000,00
VestMarin Handlingsprogram 2018 (4907)	249 120,00	250 000,00
FjordNorge AS,Scenarioprojekt 2030 (4908)	594 000,00	1 000 000,00
<b>Sum utgifter</b>	<b>3 072 568,57</b>	<b>3 360 000,00</b>
Overført til Rogaland FK	1 233 248,33	945 000,00

## 14 Avsluttande kommentarar

I samband med prosessen kring saka «Vestlandsrådet og framtida» er det kome fram synspunkt som kan vere førande for arbeidet framover, både av fagleg og reint politisk art. I og med at det er konsensus om at Vestlandsrådet også i framtida skal vere eit viktig felles organ for dei nye vestlandsregionane Møre og Romsdal, Vestland og Rogaland, kan ein sette fokus på at arbeidet i Vestlandsrådet i størst mogleg grad skal konsentrerast om dei grunnleggande problemstillingane og utfordringane for Vestlandet. Det kan t.d. vere:

- Samferdselstiltak og kommunikasjonar; ei av Vestlandsrådets politiske hovedutfordringar blir å arbeide aktivt overfor statlege styresmakter for å sikre langsiktig og reell fullfinansiering både av nye fylkeskommunale (regionale) samferdselstiltak og reell og tilstrekkeleg økonomi til vedlikehald av kommunikasjonslinene, ikkje minst fylkesvegane og fylkesvegferjene.
- Å bekjempe marin forsøpling, som med full rett har vorte løfta opp på dei politiske arenaene dei seinare åra, både lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Det tek til å gå opp for oss alle kva enorme mengder skadeleg og farleg plast og anna avfall som blir dumpa i hav og sjø, vårt eige matfat. Og denne forsøplinga er i alle fall menneskeskapt.
- Å bidra til å utvikle kultur- og utdanningsinstitusjonane, reise- og næringslivet, m.v. Gjennom dette kan ein bidra til å sikre gode bo-, oppvekst- og arbeidsforhold.

For å få alt dette til må Vestlandsrådet bli ein arena der ein i fellesskap utviklar langsiktig politikk. Vestlandsrådet bør kort sagt kunne ta mål av seg til å vere den næraste pådrivaren og den handlekraftige aktøren i å vidareutvikle landsdelen Vestlandet, ut frå prinsippet om heilskap og samanheng, på bærekraftige vilkår.